



GLOPPEN KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200405735	Dok.nr.: 110
Arkivkode: 520	Journ.dato: 04.03.05
Avd.: KTA-STE	Saksbeh.: KOH
U.off.:	

Vår ref.
05/444-3/110 //ANFE

Dykkar ref.

Dato:
30.03.05

NOU 2004:18 HEILHET OG PLAN I SOSIAL- OG HELSETENESTA

Gloppen kommune v/helse-og sosialutvalet handsama NOU 2004:18 i sak 05/05.
Det vart vedteke å gje eit høyringssvar i samsvar med rådmannen sitt saksframlegg.

Rådmannen gjorde fylgjande vurderingar i saka:

Det er viktige problemstillingar innan den kommunale tenesteytinga Bernt-utvalet har fått til mandat. Det vert fleire og fleire brukarar med samansette og omfattande hjelpebehov som kommunen skal yte tenester til. Nokre av desse brukergruppene er det vanskeleg å samhandle/kommunisere med på vanleg måte; det er difor viktig at det er eit eins regelverk og tydelege retningslinjer om korleis samhandling skal føregå for å få til heilheitlege løysingar som sikrer tilbod i samsvar med den enkelte sitt behov.

Rådmannen er enig i at ei felles lov vil vere rett veg å gå. Tenestemottakar vil verte sett meir i sentrum, det vert enklare for tenestemottaker å forhalde seg til hjelpeapparatet, samarbeidet mellom ulike deler av hjelpeapparatet vert sikra, det vert etablert eit system for overordna fagleg styring og kvalitetssikring av samansette tenestetilbod.

Utkastet går og tydeleg inn på verdiforankringa tenesteproduksjonen framleis skal ha- respekt for menneskeverd og sjølvbestemmelsesrett og at tenestemottaker er sikra medverknad.

Utkastet gjev kommunen eit auka ansvar innan det førebyggjande og helsefremmande arbeidet ved å lovfeste at kommunen skal arbeide for at det vert sett i verk velferds-og aktivitetstiltak for barn,eldre og funksjonhemma og andre som har behov for det. Dette vil kreve nye ressursar.

Forvaltninga av lova vil gje utfordringer. Det skal gjerast utfyllande vedtak om tenester til dei som får plass på institusjon og dokumentasjonsplikta for tenestene vil auke i høve det som vert gjort i dag. Det skal peikast ut fagleg ansvarlege for tenestene, dette er å sjå på som eit juridisk begrep og ikkje eit fagleg begrep. Den enkelte fagleg ansvarlege har eit sjølvstendig

og personleg ansvar for å sjå til at tenestene oppfyller lova sitt krav om fagleg forsvarlegheit og for å melde frå til kommuneleiinga og om nødvendig til tilsynsmyndigheitene om så ikkje er tilfelle.

Den nye lova vil :

- flytte fokus frå organisering til tenesteutføringa
- fagleg forsvarlegheit vert tydelegare som rettsleg krav –og som kontrolltema
- gjere det lettare å få til gode tenester

Det er ikkje sett verknadsdato. Men utifrå erfaring kan vi vel rekne med at det går minst eit år før endringar er ein realitet.


Rådmannen vil og nytte høve til å peike på at det er viktig med avklaringar på sentralt hald i høve dei andre tre utvala som er i arbeid med beslekta område.

Utvalet legg til grunn at forslaget vil innebere uendra ressursbruk, men med eit ikkje ubetydeleg kvalitativt forbettringspotensiale innan dei gjevne ressursmessige rårer. Rådmannen er ikkje einig i denne vurderinga, i alle fall ikkje på kort sikt. IT-investeringar , opplæring , auka krav til administrasjon, truleg større faglege krav til enkelte av tenestene vil auke dei økonomiske uttellingane .

Vurderingane kan samanfattast i fylgjande punkt:

1. Gloppen kommune ser positivt på at det vert ei felles lov for helse- og sosialtenestene, og meiner utkastet som ligg føre er eit steg i rett retning. Det må lagast ei lov som omfattar alle tvangstiltak i den kommunale helse- og sosialtenesta (Psykisk utviklingshemma, aldersdement og i russamheng)
2. Forslaget vil skjerpe forvaltninga av tenestene våre. Dette er positivt for dei som søker tenester men meir krevjande enn i dag for tenesteytar. Det er og positivt at det er gjort forenklingar.
3. Kravet om fagleg forsvarlegheit vert skjerpa, både for kommunen som ansvarleg for tenestene og for den enkelte tenesteytar. Dette er ein styrke for utviklinga av helse- og sosialtenesta. Dette vil og gje budsjettmessige utfordringar.
4. Med denne lova vert også sosialtenesta omfatta av kravet om journalføring og dokumentasjon. Det er positivt
5. Gloppen kommune er einig med fleirtalet i utvalet når det gjeld punktet om at kommunen skal ha plikt til å vurdere om tenestemottakar har behov for individuell plan sjølv om bruker ikkje ber om det.
6. Kommunen ser at når ein har klart å få på plass nok investeringar i pålitelege og gode dataløysingar innan sektoren så vil ein kunne få til betre og meir effektive tenester. Sikkerheita for handtering av opplysningar og omsynet til taushetsplikta er eit viktig element her. Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at det er eit stykke igjen før kommunen har makta å ruste opp etaten på dette feltet.
7. Den nye lova vil og krevje grundig opplæring av fagpersonalet vårt ;det er ressurskrevande.
8. Nye krav må fylgjast av økonomi til faktisk å gjere dei forbetringane som ligg i nye krav frå sentrale styresmakter.

Med helsing



Anni Felde

helse- og sosialsjef

tlf. 57 88 38 56